

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Formannskapet

**Møtedato:** 17.03.2021

---

**Arkivsaksnr.:** 21/200-7

**Saksnr.:** 24/21

### Saksprotokoll - Skriv og meldingar, drøftingar og orienteringar i formannskapet 17. mars 2021

#### Handsaming:

#### Dette gir følgjande vedtak:

##### A. Skriv og meldingar

1. Brev frå Sogn Regionråd datert 07.01.21 - Partnerskapsavtale for fleire lære plassar i Sogn
2. Brev frå Sogn Regionråd datert 26.02.21 - Innspel Regional transportplan for Vestland 2022-2033
3. Brev frå Statens vegvesen datert 23.02.21 - Rv. 5 forbi Sogndal sentrum, trafikklysing, planlegging
4. Årsmelding 2020 - Miljøretta helsevern
5. Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021 – 2024
6. Krafttak mot kreft 2021  
*Formannskapet løyver kr. 6500,- til føremålet med dekning frå politisk verksemd.*

##### B. Drøftingar

1. 8. mai  
*Ordføraren følgjer opp.*
2. 17. mai  
*Varaordføraren følgjer opp.*
3. 22. juli  
*Ordføraren følgjer opp.*
4. Regional transportplan – prioriterte vegstrekingar i kommunane  
*Ordføraren sender utkast til uttale til medlemmane i formannskapet.*

##### C. Orienteringar

Frå rådmannen:



1. Tilskot - Sogndal - kommunalt rusarbeid 2021
2. Rask Psykisk helsehjelp
3. Grunnkjøp Fosshagen  
*Møtet vart lukka under 3.orientering, med heimel i kommunelova § 11-5 tredje ledd bokstav b)*

Frå ordføraren:

1. *Ordføraren orienterte kort om situasjonen kring korona-smitte i Sogndal kommune.*
2. *Ordføraren oppmoda alle politiske parti i å engasjere seg i opplæringstilbodet ved Sogndal Vidaregåande skule i samband med handsaming av justert opplæringstilbod 2021.*

#### **D. Innkomne spørsmål frå representantane**

Trude Risnes (V):

Adm orienterte i haust om noko manglande kapasitet på økonomiområdet. Er det no gjort tilsettingar som ivaretek behova? Kan det kort informerast om korleis vi no er ivaretekne på området?

Henny-Kristin Asperanden Navarste (Ap):

Sommarjobb for ungdom Sogndal kommune

Svein Jarle Slinde (Sp):

1. Snøscooter:

Det er stort engasjement rundt snøscooter for tida, og det vil vera eit viktig tema i arbeidet vårt med arealden til kommuneplanen. Me må vera godt førebudde til dette, slik at me kan treffa gode avgjersler. Eg håpar at ordførar og representantar frå administrasjonen, kan besøke eller ha møter med kommunar og/eller snøscooterklubbar frå områder dei har fått snøscooterbruk inn i ordna former. Voss og Aurland kommunar er døme på slike stadar.

2. Brannstasjon på Hanahaug

Høyringsfrist for Detaljreguleringsplan for Hanahaug brannstasjon gjekk ut den 15. mars, og eg lurar på kva grunnlaget for å leggja brannstasjon på Hanahaug er.

Er dette einaste plassen som er vurdert, eller er det og andre stadar som framleis er aktuelle?

*Adminstrasjonen svarar skriftleg på spørsmåla, og svara vert lagt møteboka.*